



DEN NORSKE KYRKJA

Askvoll sokneråd

Møteprotokoll for Askvoll sokneråd

Tid: 24.05.2016 kl. 15:30

Stad: ATLØY

Frammøtte:

Jostein Gryte	Leiar
Wenche Ness Gabrielsen	Nestleiar
Terje Mork	Medlem
Anne Grethe Lien	Medlem
Ingvild Loftheim	Medlem
Halldis Rørvik	Medlem
Leif Jørgen Leknes	Medlem
Harriett Norstrand	Medlem (Kom under handsaming av sak SR 2016/26)
Aud Eldrid Frøholm	Medlem
Stein Hugo Fykse	Medlem
Else Stølen	Medlem
Eva Iren Landøy	Varamedlem

Forfall:

Arne Fedøy	Medlem
------------	--------

Møtande frå administrasjonen:

Rune Ziener	Kyrkjeverje
-------------	-------------

Saker handsama på møtet:

Saksnr	Uoff	Tittel	Saksh
SR 2016/24		Godkjenning av innkalling og dagsorden	RZ
SR 2016/25		Godkjenning av protokoll frå soknerådsmøte 19.04.2016	RZ
SR 2016/26		Skriv-, meldingar og drøftingar.	RZ
SR 2016/27		Offerliste juni-august 2016	RZ
FR 2016/28		Justering av budsjett og VU-plan 2016	RZ

Etter møtet var det synfaring på Vilnes kyrkje og kyrkjegard, der ein mellom anna gjekk gjennom planlagde investeringsprosjekt.

Askvoll, 24.05.2016

Rune Ziener
kyrkjeverje

SR 2016/24 Godkjenning av innkalling og dagsorden

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd godkjenner innkalling og dagsorden som dei ligg føre.

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd godkjenner innkalling og dagsorden som dei ligg føre.

SR 2016/25 Godkjenning av protokoll frå soknerådsmøte 19.04.2016

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd godkjenner protokoll frå møte i Askvoll sokneråd 19.04.2016, men med følgjande korrigerings: I supplerande oppnemning av trusopplæringsutvalet vart det nytta feil etternamn på nytt medlem Sidsel Anita Itland.

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd godkjenner protokoll frå møte i Askvoll sokneråd 19.04.2016, men med følgjande korrigerings: I supplerande oppnemning av trusopplæringsutvalet vart det nytta feil etternamn på nytt medlem Sidsel Anita Itland.

SR 2016/26 Skriv-, meldingar og drøftingar.

UTGREIING

Følgjande skriv, meldingar og drøftingar vart lagde fram:

M 2016/20 KRYSS revisjon: Revisjonsmelding 2015 - Askvoll sokn (15.04.2016)

M 2016/21 Rekneskapsrapport 1. tertial 2016

M 2016/22 Statusoppdateringar for investeringsprosjekta

M 2016/23 Drøftingar om planlagde prosjekt på Vilnes (brannsikring/lyssetting/parkeringsplass)

M 2016/24 Godkjenning av endring av takkonstruksjon, Kvammen kapell

M 2016/25 Godkjenning av innvendig trapp Holmedal kyrkje

M 2016/26 Diverse drøftingar om kyrkjelydsarbeidet.

Under denne drøftinga vart det konkludert med at ein ønskjer å arrangere ein diakonikveld i soknet med ekstern foredragshaldar, med sikte på å få etablert eit diakoniuval og få vedteke ein diakoniplan. AU i tillegg til Eva Landøy utarbeidar eit program.

Vidare vert det sendt ut ei påminning til kyrkjelydsutvala om å returnere kartleggings skjema for kyrkjelydsarbeid og diakoni.

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd tek dei framlagde skriv, meldingar og drøftingane til orientering.

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd tek dei framlagde skriv, meldingar og drøftingane til orientering.

SR 2016/27 Offerliste juni-august 2016

UTGREIING

Det er vedteke offerliste t.o.m. mai månad 2016. Gudstenesteplan for sommaren (juni-august) er lagt, og Askvoll sokneråd må vedta offerliste for perioden.

Vedlagt ligg oversikt over fordeling av ofringar for perioden 2014 til mai 2016.

Kyrkjeverja har utarbeidd følgjande forslag til liste:

Kyrkje	Dato	Tid	Type	Offerføremål
Askvoll kyrkje	12.06.2016	13:30	Innskrivings for konfirmantar	Kyrkjelydsarbeidet
Askvoll kyrkje	10.07.2016	11:00	Vanleg gudsteneste	Lørdagsklubben
Askvoll kyrkje	07.08.2016	19:00	Vanleg gudsteneste	Kirkens SOS
Bulandet kapell	19.06.2016	11:00	Vanleg gudsteneste	Fiskarheimen
Bulandet kapell	07.08.2016	11:00	Vanleg gudsteneste	Kirkens Bymisjon i Bergen
Holmedal kyrkje	19.06.2016	16:00	Friluftsgudsteneste	Ikkje offer
Holmedal kyrkje	17.07.2016	11:00	Vanleg gudsteneste	Det Norske Bibelselskap
Holmedal kyrkje	14.08.2016	11:00	Familiedagen	Ungdomsklubben, Holmedal bedehus.
Holmedal kyrkje	28.08.2016	19:00	Vanleg gudsteneste	Kirkens Bymisjon i Bergen
Kvammen kapell	26.06.2016	11:00	Vanleg gudsteneste	Søndagsskuleforbundet , Bergen krins
Kvammen kapell	24.07.2016	11:00	Vanleg gudsteneste	Sjelesorgsenteret Haraldsplass
Kvammen kapell	21.08.2016	11:00	Familiegudsteneste	Kyrkjelydsarbeidet
Vilnes kyrkje	19.06.2016	11:00	Vanleg gudsteneste	Kyrkjelydens misjonsprosjekt
Vilnes kyrkje	31.07.2016	11:00	Krabbefestivalen	Kirkens Nødhjelp
Vilnes kyrkje	21.08.2016	11:00	Vanleg gudsteneste	Kirkens SOS
Værlandet kapell	03.07.2016	11:00	Nordsjøportheilga	Værlandet bedehuskapell

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd vedtek offerlista som den ligg føre i forslaget frå kyrkjeverja.

MØTEHANDSAMING

Anne Grethe Lien sette fram justeringsforslag i offerlista, i og med at det er ei endring i gudstenesteplanen og det vert friluftsgudsteneste i Holmedal 19.06, og at ein derfor ikkje tek opp offer. Ofring til Kirkens SOS 14.08. går i staden til Ungdomsklubben i Holmedal Bedehus.

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd vedtek offerlista som den ligg føre i forslaget frå kyrkjeverja, men med dei endringar som vart gjort i møtet (endringane er innarbeidd i tabellen i saksutgreiinga).

FR 2016/28 Justering av budsjett og VU-plan 2016

UTGREIING

Grunna bokføring i 2016 av refusjonsinntekt frå kulturskulen som gjeld 2015, vil ein få om lag 167.000,- i ekstra ikkje-budsjetterte midlar i 2016.

Desse kan ein nytte til:

1) Tryggleikskontroll av kyrkjeklokkene i soknet:

Ein bør ha på plass ei serviceavtale på kyrkjeklokkene som del av HMS-arbeidet.

Det er tilrådd å ha kontroll om lag kvart 6.-10. år for manuelle klokker, og minst kvart 3. år for klokker med automatisk ringeanlegg.

Service vil koste om lag kr 18.000,- med tillegg for eventuelle reparasjonar.

Tilrådd beløp: kr 20.000,-

2) Styrka vedlikehaldsinnsats på grøntanlegg på gravplassane

Her bør ein legge inn ein sum for sesonghjelp på gravplassane m.v.

Særleg bør ein sjå punktet i samheng med auka inntekter for festeavgifter dei seinare åra.

Endeleg løysing bør ein drøfte i soknerådsmøtet.

Tilrådd beløp kr 100.000,-

3) Auke finansiering av investeringsprosjekt

Brannsikring av Vilnes vert dyrare enn først rekna med. Her kan ein bruke restmidlane.

Tilrådd beløp kr 47.000,-

Med kyrkjeverja si tilråding får ein slik budsjettjustering:

Driftsbudsjettet			
Budsjettpost	Kontotekst	Innt. opp/ut	Innt. ned/ut
37301.200.04200	Refusjon frå kommunen	-167000	
32400.200.04200	Serviceavtalar og reparasjonar		20000
Vert fastsett i møtet- vedlikehald grøntanlegg			100000
35700.200.04200	Overføringar til investeringsrekn.		47000
<u>SUM ENDRINGAR</u>		<u>-167000</u>	<u>167000</u>
Investeringsbudsjettet			
Budsjettpost	Kontotekst	Innt. opp/ut	Innt. ned/ut
49700.200.04200.1007	Overføringar frå driftsrekneskapet	-47000	
42000.200.04200.1007	Inventar og utstyr		47000
<u>SUM ENDRINGAR</u>		<u>-47000</u>	<u>47000</u>

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd vedtek budsjettjusteringar som dei ligg føre i forslaget frå kyrkjeverja

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd vedtek budsjettjusteringar som dei ligg føre i forslaget frå kyrkjeverja.